

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 06.11.2023

Vår ref.: 202307997-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme 99215122 /
rho@nve.no

Avgrensa høyring av detaljplan - rehabilitering av vassveg - Skagen kraftverk - Fortun Grandfasta kraftanlegg - Luster kommune

I brev datert 05.05.2023 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan for miljø og landskap frå Hydro Energi for rehabilitering av vassveg og tilhøyrande anlegg ved Skagen kraftverk i Luster kommune. No sender vi detaljplanen på høyring, og vi ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 30.11.2023.

Konsesjonen ligg fast

Løyve til å erverve og regulere Fortun-Grandfastavassdraga er gitt i Kronprinsregenten sin resolusjon datert 25.01.1957. Nytt løyve til erverv av fallrettar i Fortun-Grandfastavassdraget vart gitt 10.08.2007. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølve konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å bygge det konsesjonsgitte anlegget. Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet og jf. post 15 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Det planlagde tiltaket må gjennomførast som vedlikehald av eksisterande anlegg. Vassvegen vart bygd i 1959 og revurdering viser at der er avvik som må rettast opp. Vi sender plan for landskap og miljø på avgrensa høyring for å fange opp endringar i kunnskapsgrunnlaget.

Detaljplanen er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/85/V.



Vi ber høyringspartane om å uttale seg om relevante tema innafor dykkar forvaltningsområde og behov for særskilde løyve eller dispensasjon innafor forvaltningsområda dykkar.

Luster kommune: Opplysningar om natur- og miljøforhold i tilknytning til areala som er planlagt tekne i bruk. Vi ber og om andre opplysninga som er relevante for saka.

Statsforvaltaren i Vestland: Nye forhold knytt til trua og sårbare artar og naturtypar. Vi ber og om andre relevante opplysningar.

Vestland fylkeskommune: Nye opplysningar om kulturminne i tilknytning til planområdet, forholdet til friluftsliv, forvaltningsplanar og andre regionale planar i tilknytning til planområdet.

Miljødirektoratet: Relevante opplysningar i høve till arbeida som skal gjennomførast og arealbruken knytt til tiltaket.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane: Opplysningar om villreinen sin bruk av tiltaksområdet og forslag til eventuelle avbøtande tiltak. Vi ber om av villreinnemnda for Sogn og Fjordane konsulterer tilgrensande villreinnemnder dersom dette er nødvendig.

Breheimen nasjonalparkstyre: Dam Storevatnet er lokalisert i nærleiken av Breheimen nasjonalpark. Difor sender vi detaljplanen til nasjonalparkstyret for eventuelle merknader.

Luster turlag og DNT Oslo og omegn: Opplysningar om organisert ferdsel/friluftslivsaktivitet i området der tiltaket skal gjennomførast.

Konsesjonæren har ansvar for å avklare privatrettslege forhold med alle som har rettar i området, og for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida tek til.

Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for høyring er 30.11.2023

Send fråsegna til uttalelse@nve.no, og merk henne med «Fråsegn» og saksnummer 202307997 i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert fråsegner, eller deler av fråsegner referert i utgåande brev. Dersom ho er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.



Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Randi Holme
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

LUSTER KOMMUNE
Luster Turlag
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
DNT Oslo og omegn
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Breheimen Nasjonalparkstyre

Kopimottakarliste:

HYDRO ENERGI AS
HYDRO ENERGI AS - Kristen Johannes Rockland Aarethun